

RONJA ARENA

Ei satsing i havgapet
SPONSORPRESENTASJON



BAKGRUNNEN FOR RONJA ARENA

Frå idé til fleirbruksanlegg på Sandsøya

Ronja Arena er eit framtidsretta fleirbruksanlegg med **idrettshall, padelbane, klatrevegg, buldrevegg, e-sportrom** og moderne fasilitetar. Anlegget skal gi fleire aktivitetstilbod til både lokale og tilreisande.

Vi er eit lite kystsamfunn der aktivitet, fellesskap og dugnadsånd alltid har stått sterkt. Med Ronja Arena ønskjer vi å skape fleire tilbod til barn, ungdom og vaksne og leggje til rette for god helse, aktivitet og trivsel i kvardagen.

I lokalsamfunnet har det lenge vore eit sterkt ønskje om å få på plass ein fleirbrukshall. Med støtte frå Ronja Capital, investeringsselskapet til Sandsøyværingen Roger Halsebakk, blir Ronja Arena no realisert saman med stor innsats frå lokalsamfunnet.
Store delar av arbeidet i hallen blir utført av frivillige.



VI INVITERER NÆRINGSLIVET TIL Å VERE MED PÅ LAGET

Godt samspel mellom lokalsamfunn og næringsliv har alltid vore avgjerande.
Saman skaper vi grunnlaget for både utvikling, busetjing og bulyst i øysamfunna.

Kvifor bli med?

Kystsamfunna våre har alltid vore bygde på samarbeid, initiativ og vilje til å satse der vi bur.
Ronja Arena er eit slikt val, eit løft for aktivitet, fellesskap og eit levande lokalsamfunn.
Når bedrifter og privatpersonar vel å vere med på laget, er dei med og styrkjer fellesskapet
og bidreg til at kystsamfunnet vårt held fram med å vere ein god stad å bu og leve.

Kva Sandsøy Idrettslag tilbyr?

Vi legg til rette for ulike moglegheiter for profilering og samarbeid i ronja arena.
Gjennom synleg profilering i anlegget kan både bedrifter og privatpersonar vere med og støtte prosjektet, samstundes
som dei får synlegheit i eit anlegg som vil vere i dagleg bruk.
Moglegheitene er delte inn i fleire nivå, med ulik grad av synlegheit og eksponering.
Ei oversikt over desse finn de nedanfor, saman med illustrasjonar av korleis profileringa kan plasserast i anlegget.
Varigheit for profilering vert avtalt i kvart einskild tilfelle.



Klatrehall og Padelbane

PROFILERINGSMOGLIGHETER

Hovudpartner | Ronja Capital

Gjennom sitt bidrag er Ronja Capital ein sentral støttespelar i realiseringa av hallen og utviklinga av anlegget

Gullpartner

- Marknadsføring i stort format på vegg i hall
- Skilt på sponsortavle ved inngang hall
- Ubegrensa tilgang til hall/treningssenter.
Booking av padel og klatring må gjerast før bruk
- Etter avtale: Bruk av hall til personalfest/sosial tilstelling
- Pris: frå kr.100 000
- Eittårig eller fleirårig pakke

Sølvpartner

- Marknadsføring i hallen
- Skilt på sponsortavle ved inngang hall
- Gratis: 50 timar med booking padel/klatring
- Pris: 50 000-100 000
- Eittårig eller fleirårig pakke

Bronsepartner | Sponsorvegg

- Skilt på sponsortavle ved inngang hall
- Pris: kr. 1 000 – 50 000
- Eittårig eller fleirårig pakke

VELKOMEN MED PÅ LAGET

Ein samlingsstad for folk i heile lokalsamfunnet

Ronja Arena skal vere ein møteplass for små og store.
Næringslivet er ein **viktig** del av satsinga på Ronja Arena.

Som samarbeidspartnar får de synleg profilering i Ronja Arena og blir synlege i eit anlegg som samlar folk gjennom heile året.

Takk for at de tok dykk tid til å lese om Ronja Arena.
Vi håpar prosjektet engasjerer like mykje hos dykk som hos oss og gler oss til å høyre frå dykk.

Kontaktinformasjon

Sandsøy IL v/Ragnar Kvamme

Tlf: 951 43 936

E-post: ronjaarena@sandsoyil.no

